

Mai 2022

Til lag og foreiningar i Gol kommune

Kva kulturminne og kulturarv har betydning for deg? Er det stader, landskap, bygningar eller tradisjonar som er umisselege og som vi må ta vare på? Korleis skal Gol vera i framtida?

Gol kommune har starta arbeidet med å lage ein kulturmiljøplan. Denne skal omfatte kulturminne, kulturmiljø og landskap i Gol som vi ynskjer å ta vare på, for oss sjølve og dei som kjem etter oss. Planen kan femne eldre og nyare bygningar, store og små kulturmiljø og landskapsområde, andre spor frå eldre tider, og dessutan hendingar, tru og tradisjonar som er verdifulle å oppretthalde.

I samband med planarbeidet ynskjer vi å vita kva golingane meiner! Ynskjet vårt er å få fram kunnskap og synspunkt frå folk i ulike aldrar, frå ulike delar av kommunen og med ulik bakgrunn: Kva kulturminne og kulturarv er viktige for dykkar lag/foreining? Er det stader, landskap, bygningar eller tradisjonar som er umisselege og som vi må ta vare på for framtida?

Vi håpar at de vil hjelpe oss med å svare på dette. På neste side finn de spørsmål som er meint som utgangspunkt for diskusjon i mindre grupper. Gruppene kan gjerne kome saman i små 'gjestebod'. Med dette meiner vi ein hyggeleg og uformell samankomst der ein person inviterer ein eller fleire gjester for å diskutere, fritt og ope. Kven du vil invitere til gjestebodet, kvar og når de skal samlast, avgjer du sjølv. I etterkant sender gruppa ei kort oppsummering av diskusjonen til postmottak@gol.kommune.no. Frist for å sende inn svar er 30. juni 2022.

I oppsummeringa ynskjer vi å vite kva tema de diskuterte og kva som vart svaret frå gruppa. Dersom det var stor semje eller usemje, kan dette gjerne kommenterast. Vi vil gjerne vite alderen til deltakarane og kor mange de har vore på gruppa, men vi treng ikkje vite namnet til deltakarane. Det kan likevel vera greitt at verten har oversikt over dette dersom nokon stiller spørsmål om det i ettertid, og kanskje også av smittevernomsyn.

'Gjestebod' er ein ny måte for å hente innspel til planarbeid. Målet er å få fram synspunkt og meiningar frå dei som kanskje ikkje er komfortable med å gje innspel i store folkemøte eller i formelle, skriftlege høyringsvar.

Kulturmiljøplanen skal vera ferdig i løpet av året. Han blir utarbeidd som kommunedelplan og vil vera kunnskapsgrunnlag for sakshandsaming av plan- og byggesaker og arealdisponering. Kulturmiljøplanen skal óg omfatte ein handlingsplan med tiltak. Kommunen har engasjert NIKU (Norsk institutt for kulturminneforskning) til å leie arbeidet med å utarbeide planen. Ta kontakt med oss for meir informasjon.

NIKU: Siv Leden siv.leden@niku.no
 Gol kommune: Mads Elbrønd mads.elbrond@gol.kommune.no



Innspel til kulturmiljøplan for Gol

Spørsmåla nedanfor er utarbeidde som utgangspunkt for gruppediskusjon. Vi spør fordi vi ynskjer å vite kva nett du meiner! Hugs at det ikkje finst rette eller galne svar.

Innspela vil vi ta med i det vidare arbeidet med kulturmiljøplanen. Vi vil gjerne ha svar på alle spørsmåla, men det er betre med ein god diskusjon om nokre punkt enn at alle er besvarte. Vi håpar at de får ein interessant diskusjon!

Samtaletema

1. Kva for stader, landskap, bygningar og andre spor frå eldre tider i Gol er spesielt viktige å ta vare på og kvifor? Kvar ligg desse?
2. Kva er viktigast i di grend?
3. Er det ein eller fleire stader der du tykkjer det er særleg fint?
4. Er det spesielle stader eller vegar der du gjerne vil gå tur? Kvifor?
5. Er det nokre spesielle historiske bygningar /stader du besøker ofte? Kvifor?
6. Kva vil du helst syne fram til gjester som kjem utanfrå?
7. Kva ville du ynskje å vise fram til borna eller borneborna dine?
8. Er det ein spesiell stad, bygning eller anna som er viktig for deg som kjenneteikn på at no er eg framme / no er eg heime?
9. Kva særpregar Gol?
10. Kva er det Gol har som ikkje andre plassar har?
11. Kva aktivitetar /kulturuttrykk /tradisjonar er typiske for Gol?
12. Kva meiner du har forma Gol frå gammalt av?
13. Korleis er dette synleg i dag (i landskapet, bygningsmønster, befolkning, aktivitet)?
14. Kva bør gjerast for å verne om dei viktige kulturminna og kulturmiljøa (stadene, landskapa, vegane, bygningane eller anna)?
15. Korleis kan tradisjonar haldast i hevd?
16. Korleis kan vi formidle kunnskap om og skape interesse for kulturminna, kulturmiljøa, kulturlandskapet og kulturarven?
17. Andre innspel...

Svaret som blir sendt inn frå møtet blir gruppa sitt innspel til planprosessen. Alle kan også gje eigne innspel dersom dei ynskjer det i samband med ordinære, skriftlege høyringar.

Dersom du har lyst til å utdjupe noko etter gjestebodet, kan dette sendast til:

postmottak@gol.kommune.no.

Takk for ditt bidrag!

Med beste helsing

Gol kommune